



**Vestlandsforskning**

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

VF-rapport nr. 2/2004

# **Elektronisk marknadsplass for småskala matprodusentar**

**Terje Aaberge**

## 1. Innleiing

Prosjektet "Elektronisk marknadsplass for småskala matprodusentar " er no avslutta. Det er ei vidareføring av forprosjektet "E-handel for produkt frå småskala matproduksjon".

Forprosjektet kom i gang på initiativ frå SND og vart gjennomført av Vestlandsforskning og FMLA som eit pilotprosjektet i Sogn og Fjordane. Formålet var å

- utvikla eit strategiverktøy til bruk for småskala matprodusentar som eit alternativ til verktøyet utvikla for VerDI-programmet og som ikkje var tilpassa denne brukargruppa
- studere modellar for e-handel for å kunne foreslå ein modell som kan fungere for desse produsentane

Som eit resultat vart det utvikla ei sjekklister for potensielle gardsmatprodusentar og ein demoportal for netthandel basert på torgmetaforen. Sjekklister var eit skjema på papir for avkryssing av spørsmål. Den var tenkt som eit pedagogisk hjelpemiddel. Den skulle gjera brukarane merksame på tiltak dei måtte sette i gang for å kunne utvikle ei gardsmatverksemd.

Portalen er å oppfatte som ein virtuell torgplass. Den har ein del informasjon som er felles for alle som presenterer seg der, og lenker til vev- eller e-handelstenestene til dei individuelle produsentane. Portaløysinga er valt fordi det gjer det muleg å presentera kva som ligg i omgrepet småskala matproduksjon, tradisjonsmat, regionale spesialitetar osv, og den gjer produsentane synlegare på nettet. Utviklinga av desse to verktøya er basert på resultatet av ei intervjuundersøking som omfatta 15 gardsmatverksemd.

"Elektronisk marknadsplass for småskala matprodusentar " har utvikla fire komponentar

- norskgardsmat.no
- starthjelp
- fjordatorget.no (mal for vevtenester regionalt/lokalt bruk)
- Individuelle vevtenester (mal av vevteneste for individuell bruk)

Den første, norskgardsmat.no er utvikla for å vera ei ny vevteneste for organisasjonen Norsk Gardsmat. Den har i hovudsak same innhald, struktur og funksjonalitet som den vevtenesta den skulle erstatte. Fordi det i løpet av utviklinga vart klart at det ville bli i samanslåing av Norsk Bygdeturisme og Norsk Gardsmat, vart det teke omsyn til dette i utforminga av vevtenesta. Slik den er formulert vil den derfor lett kunne omfatte også behova for den nye organisasjonen, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Det einaste som trengst for å

få ei full teneste, vil vera å overføre data frå nbt-nett.no til databasen for den nye tenesta. Dette er ein enkel operasjon.

Starthjelp er ei vidareutvikling av sjekklista. Det er eit internettbasert verktøy som både er ei sjekkliste som gir forslag til tiltak, og informasjon om tiltaka.

fjordatorget er ei implementering av den regionale gardsmatportalen. Det er ei teneste som er klar for drift for Sogn og Fjordane. Den er basert på ein mal som lett kan takast i bruk i andre regionar. Den er laga for bedriftene i eit fylke eller eit anna område som finn det formålstenleg med ei felles marknadsføring.

Den siste komponenten er ein mal for ei enkel vevteneste som lett kan takast i bruk av gardsmatprodusentar som ynskjer ein meir omfattande og individuell presentasjon enn den på norskgardsmat.no, men som ikkje vil utvikle ei eiga vevteneste frå botnen av. Femten verksemdar i Sogn og Fjordane har sagt seg interessert i å utvikle ei vevteneste basert på malen. To er ferdige.

Alle komponentane er utvikla på basis av xml. Dette er ein standard for informasjonsutveksling. Den er såleis uavhengig av spesielle løysingar. Informasjonen som i vårt tilfelle blir lagt inn og lagra på norskgardsmat.no, kan dermed overførast og visast i fjordatorget.no og i dei individuelle vevtenestene. Den vil også kunne visast på mobiltelefon og PDE og vil kunne takast ut for trykking av katalogar.

Referansegruppa for prosjektet har hatt følgjande samansetning:

Anne Siri Branderud (Norges Vel)  
Jan Gurvin (SND)  
Monrad Kolstad (FMLA S& Fj.)  
Jostein Kvåle (Norsk Bonde- og Småbrukarlag)  
Rita Natvig (Mære landbruksskole/kompetansesenter Midt-Norge)  
Bjarte Nordanger (Norges Bondelag)  
Ola Rusaanes (NGM)

Den har hatt to møte:

- 5. Juni 2003 på Hofslund Hotell i Sogndal
- 13. november 2003 på Vestlandsforsking

I tillegg har medlemmene i gruppa vore trekt inn i drøftingar om Starthjelp, og kome med innspel undervegs.

Det har også vore haldne møter i prosjektgruppa og informasjonsmøte for verksemdene.

## 2. norskgardsmat.no

norskgardsmat.no er utvikla for å vera vevtenesta til Norsk Gardsmat, men den er utforma slik at den lett kan utvidast til ei vevteneste for Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Utforminga følgjer også alle etablerte internettstandardar for utforming av brukarvennlege vevtenester.

Vevtenesta er delt i tre. Det er eit tematisk publikumsretta område for presentasjon av medlemmene i organisasjonen og tenestene deira; det er eit område for potensielle medlemmer som informerer om organisasjonen og krava for å bli medlem, og eit lukka område for medlemmer. Startside er tenkt brukt til nyheiter.



**norskgardsmat.no**

- Salg
- Servering
- Overnatting
- Aktivitet
- Katalog

**Søk**

### Gardsmat på islandsk

På min siste dag på jobb for Norsk Bygdeturisme og Gardsmat fikk jeg gleden av å fortelle om erfaringene med arbeidet med Norsk Gardsmat på en konferanse på Island om småskala matproduksjon. Med på konferansen var også Åse Marie Rusaanes fra Landbruksdepartementet og Kjell Aurstad fra Mattilsynet som fortalte om sine erfaringer om det samme temaet. Bakgrunnen for konferansen var at islandske bønder har møtt betydelige vanskeligheter med å komme i gang med salg av egenproduserte matprodukter fra gården. Nå var det imidlertid kommet en del nye signaler og Landbrukshøgskolen på Hvanneyri ønsket norsk bistand for om mulig å sette fart i utviklingen av småskala matproduksjon på Saga-øya.

I tillegg til innlegg på konferansen, som fikk god oppslutning, har vi møtt representanter fra kvinneorganisasjonen "lifandi landbúnadur" (levende bygder), fra Icelandic Farm Holydays, fra Islands Bondelag og fra Landbruksdepartementet. Inntrykket vi sitter igjen med er at tiden nå synes moden for småskala matproduksjon på Island og at dette folket med de rike historietradisjonene har gode muligheter til å lykkes med en satsing på lokale mattradisjoner, men at de bøndene som vil prøve seg må være forberedt på betydelige utfordringer. Vårt bidrag fra Norge var å gi inspirasjon og å peke på mulighetene som igjen gir grunnlag for optimisme.

Ola Kr. Rusaanes

**Mattilsynets tilsynsgebyrer er fastsatt**

Pressemelding

Menyen for det tematiske området er plassert i venstre marg. Den er

- Utsal
  - Produkt
- Servering
- Overnatting
- Aktivitet

I tillegg er det eit søkefelt for vanlege tekstsøk i ein søkemotor som indekserer alle sidene i vevtenesta.

Ved val av eit av dei fire hovuddmenypunkta får ein presentert ei liste av leverandørar av den aktuelle tenesta. Lista inneheld namnet på verksemda,



The screenshot shows the Norsk Gardsmat website interface. At the top left is the logo with a rooster and the text "Norsk Gardsmat - mat direkte fra garden". To the right is a landscape photo of a farm. Below the photo is a navigation bar with links: "Om Norsk gardsmat | Kontakt | Lenker | Starthjelp | Medlemsinfo". The main content area is divided into two columns. The left column, titled "norskgardsmat.no", contains a menu with items like "Salg", "Produkt", "Servering", "Overnatting", "Aktivitet", and "Katalog", along with a search box and a "Søk" button. The right column, titled "Salgssteder", lists 30 sales locations, each with a diamond icon and a right-pointing arrow. To the right of the list is a map of Norway with a "Velg fylke" dropdown menu and a "VIS STØRRE KART" link.

**norskgardsmat.no**

- Salg
  - ◆ Produkt
  - Servering
  - Overnatting
  - Aktivitet
  - Katalog

**Søk**

**Salgssteder**

- ◆ Amla Nedre →
- ◆ Andøy Friluftssenter →
- ◆ Anestølen
- ◆ Auen Urtegård →
- ◆ Auestad-tunet
- ◆ Bakke Gardsmat
- ◆ Balholm Mosteri AS →
- ◆ Bamsrudlåven
- ◆ Berg Gårdsutsalg
- ◆ Berger gård
- ◆ Blombakken gård →
- ◆ BondeBakst i Frogn →
- ◆ Bortistu Gjestegard →
- ◆ Brandøy Gard
- ◆ Breim Gardsmat
- ◆ Bremanger Gardsmat
- ◆ Brenden Seter
- ◆ Brevik
- ◆ Brimsøy Gårdsmat
- ◆ Bryggerhuset - Gaustad Nordre →
- ◆ Bryggerhuset Gausland →
- ◆ Bryggerhuset økologiske bakeri
- ◆ Budsjord Gard
- ◆ Dagsrud Gård og Hagebruk
- ◆ De 4 årstider
- ◆ Disen, Prestegårdshagen

Velg fylke

VIS STØRRE KART

Ved val i lista får ein fram ein meir omfattande presentasjon av verksemda. Informasjonen som blir vist er overført frå den noverande norskgardsmat.no til den nye vevtenesta.

Denne presentasjonen er innhaldsmessig nesten identisk med den ein finn i den gamle vevteneste til Norsk Gardsmat. Lista inneheld også lenke til vevtenestene til verksemdene som har ei slik.

Ein kan på desse sidene avgrensa søket til leverandørar i eit gitt fylke ved val i nedtrekksliste eller kart. Ein får då fram ei ny liste som viser leverandørane av tenesta i dette fylke, samt eit kart som viser lokaliseringa av verksemdene som raude punkt,



**norskardsmat.no**

- Salg
  - ◊ Produkt
- Servering
- Overnatting
- Aktivitet
- Katalog

**Salgssteder**

- ◊ Amla Nedre →
- ◊ Anestølen
- ◊ Bakke Gardsmat
- ◊ Balholm Mosteri AS →
- ◊ Brandøy Gard
- ◊ Breim Gardsmat
- ◊ Bremanger Gardsmat
- ◊ Døskeland Bruk
- ◊ Elvebakken Gardsysteri
- ◊ Fjellestad Gardskjøkken
- ◊ Haugen Gardsmat
- ◊ Helga's Tradisjonsmat
- ◊ Holo Gardstun
- ◊ Høgt og Vilt, Urter frå Devik
- ◊ Jølster Villørret
- ◊ Jølstramat →
- ◊ Kandal Kjøt
- ◊ Kroken Frukt og Bær →
- ◊ Lærdal Gardsmat

Velg fylke ▾



VIS STØRRE KART

Ved å peike på punktet viser namnet til verksemda som er lokalisert der. Ved å klikke på namnet i lista eller punktet i kartet, får ein fram presentasjonen av verksemda,



**norskardsmat.no**

- Salg
- Servering
- Overnatting
- Aktivitet
- Katalog

Auestad-tunet  
4300 Sandnes  
Tlf. 51620244

**Auestad-tunet**

Gården ble kjøpt i 1982. Har siden plantet til med frukt og bær. Kårhuset brukes til overnatningsplass for turister.



**SALG**

Gårdsbutikken er i kjelleretasjen i låvebygningen. Er ca 30 kvadratmeter med tilhørende kjøle- og fryserom.

Åpningstid: Ring for avtale eller stikk innom.


**PRODUKT**

**Eple-tomat Chutney**

Eple-tomat chutney er et syltetøy som brukes til middagsretter.

”Produkt” er eit undermenypunkt til ”Utsalg”. Når ein kjem inn på denne sida får ein ei oversikt over produktkategoriane

- Kjøtt og kjøttprodukter
- Fisk og fiskeprodukter
- Poteter og grønnsaker
- Frukt og bær
- Brød og bakevarer
- Egg og eggprodukter
- Melk, smør og ost
- Honning og honningprodukter
- Økologiske produkter
- Urter, olje og eddik
- Drikke
- Snacks og godteri



The screenshot shows the website for Norsk Gardsmat. At the top left is the logo with a rooster and the text "Norsk Gardsmat - mat direkte fra garden". To the right is a landscape photo of a farm. Below the photo is a navigation bar with links: "Om Norsk gardsmat | Kontakt | Lenker | Starthjelp | Medlemsinfo". On the left side, there is a navigation menu under "norskgardsmat.no" with options: "Salg", "Produkt" (selected), "Servering", "Overnatting", "Aktivitet", and "Katalog". Below the menu is a search box with a "Søk" button. The main content area is titled "Produkter" and displays a grid of 12 product categories, each with a representative image and a label: "Kjøtt og kjøttprodukter" (meat), "Fisk og fiskprodukter" (fish), "Poteter og grønnsaker" (potatoes and vegetables), "Frukt og bær" (fruit and berries), "Brød og bakevarer" (bread and baked goods), "Egg og eggprodukter" (eggs and egg products), "Melk, smør og ost" (milk, butter, and cheese), "Honning og honningprod." (honey and honey products), "Økologiske produkter" (organic products), "Urter, olje og eddik" (herbs, oil, and vinegar), "Drikke" (drinks), and "Snacks og godteri" (snacks and confectionery).

Ved val av produktkategori får ein fram lista over produsentar av produkt i vald kategori. På same måte som for tenestene kan ein avgrensa valet til fylke.

Ein kan gjera fritekstsøk ved å legge inn eit eller fleire søkeord i søkefeltet. Resultatet er ei treffliste som gir tittel på sidene som er funne og ein ingress basert på dei første linjene i tekstfeltet i dokumentet. Dei mest ”relevante” sidene for søket kjem først i lista. Følgjande bilde gir eit eksempel på trefflista for eit søk på ”fisk”:

The screenshot shows the Norsk Gardsmat website interface. At the top left is the logo for 'Norsk Gardsmat - mat direkte fra garden' featuring a rooster. To the right is a landscape photo of a farm. Below the photo is a navigation bar with links: 'Om Norsk gardsmat | Kontakt | Lenker | Starthjelp | Medlemsinfo'. The main content area is divided into a left sidebar and a right main section. The sidebar contains the website name 'norskgardsmat.no', a menu with items like 'Salg', 'Servering', 'Overmatting', 'Aktivitet', and 'Katalog', and a search input field with 'fisk' and a 'Søk' button. The main section has a search bar with 'fisk' and a 'Søk' button, followed by a 'Søk' heading, a 'Avansert' link, and the text 'Søket etter: fisk ga 23 treff.'. Below this is a list of search results:

- Fisk og fiskeprodukter** (56%)  
Finnøy Ål Røykt Ål Gårdsbutikken i Forøya Speket sjørøye Røkt havlaks Fersk, iset sjørøye (sløyd) Fersk-frossen sjørøye (sløyd) Steikefilet av sjørøye, Varmrøkt sjørøye Gravet sjørøye. ...  
<http://mat.vestforsk.no/fisk.asp> 14.9K
- Sæterstad Gård** (52%)  
Sæterstad Gård 8690 Hattfjellidal Tlf. 7518 5140 knu-kast@online.no Sæterstad Gård Sæterstad var lenge seter før det i 1926 ble fast bosetting her ...  
<http://mat.vestforsk.no/vis/lcid69.html> 13.0K
- Jølstramat** (44%)  
Jølstramat 6843 Skei Tlf. 57728529 mail@kjøsnes.no Jølstramat Garden vår, Kjøsnes, ligg ned til nordenden av det velkjende Jølstravatnet. På Kjøsnes ligg det tre gardsbruk som driv med ...

Området for potensielle medlemmer av Norsk Gardsmat har fire meny punkt plassert horisontalt

Om Norsk Gardsmat | Kontakt | Lenker | Starthjelp | Medlemsinformasjon

Det femte horisontale meny punkt lenker til lukka område.

”Om Norsk Gardsmat” har informasjon om organisasjonen og lenke til krava ei verksemd må oppfylle for å kunne bli medlem. ”Kontakt” gir kontaktinformasjon og har lenke til ei side med kontaktinformasjon for dei regionale avdelingane. ”Starthjelp” lenker til Starthjelp og ”Medlemsinformasjon” er logginn til det lukka medlemsområdet.

Område for medlemsinformasjon har ein meny i venstre spalte. Den er

- Rediger medlemsinfo
- Medlemmer
- Medlemmer (e-post)
- Medlemmer (post)
- Dokument

”Rediger medlemsinfo” er eit skjema for utfylling av informasjon om verksemdene. Den har felt for ”Kontaktinformasjon” (+ bilde)



**Gardsnavn:**

**Eier(e):**

**Adresse:**

**Postnummer:**  **Poststed:**

**Gardsnr:**  **Bruksnr:**  **Kommunenr:**

**Telefon:**  **Telefaks:**

**Mobil:**

**E-post:**

**Webside:**

**Fylke:**

**Hovedbilde:**   [Hjelp](#)

og

- Om
- Utsalg
- Produkt
- Produksjon
- Servering
- Overnatting
- Aktivitet

**Åpningstid:**

**Om:**   [Hjelp](#)

**Aktiviteter:**   [Hjelp](#)

**Overnatting:**   [Hjelp](#)

**Servering:**   [Hjelp](#)

**Produksjon:**   [Hjelp](#)

**Salg:**   [Hjelp](#)

**PRODUKTLISTE**

	Produktnavn	Varedeklarasjon:	Pris	Produktkategori	
<input type="button" value="Endre"/>			0	Grønnsaker, frukt og bærprodukter	<input type="button" value="Delete"/>
<input type="button" value="Endre"/>				Servering	<input type="button" value="Delete"/>
<input type="button" value="Endre"/>				Servering	<input type="button" value="Delete"/>
<input type="button" value="Endre"/>	Skinnvarer fra Horn Skinn	Skinnvarene består for det meste av skinn fra Norsk utegangersau		Ikke kategoriserte produkter	<input type="button" value="Delete"/>
<input type="button" value="Endre"/>	"De 7 slaga" til jul		0	Brød og bakevarer	<input type="button" value="Delete"/>

1 2 3 4 5 6 7 8 9 10 ...

Informasjonen som blir lagt inn i dette skjemaet blir vist i norskgardsmat.no. Kwart av felta har ei lenke til ei side som omtalar og gir eksempel på kva som skal leggjast inn i feltet. Kwart av felta

- Om
- Salg
- Produksjon
- Produkt
- Servering
- Overnatting
- Aktivitet

har også ei lenke til eit felt der medlemmene sjølv kan legge inn tilleggsinformasjon om temaet og eit bilde. Denne er for medlemmer som vil bruka informasjonen i ei eiga vevteneste. Når ein brukar loggar seg på og hentar ut skjemaet for oppdatering, viser informasjonen som er lagt inn tidlegare.

Det er to tilgangsnivå til det lukka medlemsområdet, som administrator eller som medlem. Oppføring av potensielle medlemmer gjort av administrator via skjemaet vil bli lagra i databasen, men vil ikkje koma på Internett før valet blir eksplitt gjort, dvs. når kandidaten er akseptert som medlem. Nye medlemmer som får utdelt brukarid og passord vil kunne legge inn informasjonen sjølv. Denne vil automatisk bli generert ut i xml-fila og vera tilgjengeleg på vevtenesta.

Menypunktet ”Medlemmer” viser til ei liste over alle medlemmene som er registrert i vevtenesta norskgardsmat.no. Frå lista kan ein hente ut informasjonen som er lagt inn i skjemaet. Ein kan avgrense lista til eit fylke ved val i nedtrekksliste eller kart.

Menypunkta ”Medlemmer (e-post)” og ”Medlemmer (post)” gir e-postlister og adresselister for registrerte medlemmer. Dei kan avgrensast til fylke. Ved å kopiere denne lista over til e-postmelding eller til Word-dokument for utvikling av adresselappar, vil innhaldet kunne brukast som grunnlag for masseutsending av informasjon til medlemmene.

”Dokument” gir ei liste over dokument med informasjon som skal vera tilgjengeleg for medlemmene.

Vevtenesta kan lett utvidast dersom behovet melder seg.

Informasjonen som blir lagt inn i skjemaet blir lagra i ein database. All informasjon i databasen bli også generert ut i ei xml-fil. Det er frå denne medlemsinformasjon vist i vevtenesta blir henta. Kvar gong ein ny medlem blir

registrert eller informasjon blir oppdatert, blir medlemmet sin post i xml-fila automatisk sletta og erstatta med ein ny post som inneheld den oppdaterte informasjonen. Vi har valt denne løysinga, der ein brukar database til innlegging og kontroll av data, og så eksporterer desse til xml-format for bruk i vevtenesta, fordi den har ein del fordeler samanlikna med ei rein databaseløysing.

xml er ein internettstandard for utveksling av informasjon mellom maskiner. Informasjon på xml-format er ei strukturert tekstfil. I korte trekk er dei viktigaste skilnadene mellom xml- og database-baserte web-løysingar at xml-løysingar er:

- lettare å vedlikehalda
- lettare å laga parallelle løysingar
- raskare løysingar (kortare responstid)
- lettare å utveksla data

xml-løysingar er lettare å vedlikehalda fordi koden er ryddigare og enklare enn ei database-basert løysing. Det er gjort klarare skilje mellom innhald og presentasjon i xml-løysingar.

Sidan ein med xml held seg ”innan internett-verda” blir det enklare og mindre ressurskrevjande å laga alternative presentasjonar for informasjonen som skal visast på forskjellige format (PC, PDA, mobiltelefon eller for trykking).

Responstida (tida det tek å få fram informasjon etter at ein har klikka på ’Enter’ eller ’Søk’) for xml-løysingar blir kortare fordi ein ikkje treng oversetjing til databasespråk (ODBC<sup>1</sup>).

xml er eit standardisert utvekslingsformat og gjer det såleis lettare å utveksla data mellom tenester. Dette er vist i praksis ved at den regionale vevtenesta fjordatorget.no og dei individuelle vevtenester kan lagast ”på sparket” ut frå den same xml-fila.

Det er grunn til å tru at ein del av turistportalane etter kvart vil hente inn informasjon om reiselivsaktørar på denne måten for å vise den fram på eigne vevsider. Vestlandsforskning har eit prosjekt for RBL som tek opp desse problemstillingane.

Ein annan viktig grunn til å bruke xml er at dette er eit standardisert format. Ein vil derfor lettare kunne bytte leverandør viss det skulle vera aktuelt. Eigaren vil også kunne ha lagra ein kopi av framvisningssidene og oppdaterte versjonar av xml-fila på ein eigen PC. Det vil såleis vera lettare og snøggare å få i gang att vevtenesta om eit uhell eller konkurs skulle skje hjå leverandøren.

---

<sup>1</sup> ODBC = Open Database Connectivity – standard for å kopla databasar mot andre program

### 3. Starthjelp

Starthjelp er eit internettbasert pedagogisk verktøy. Det står fram som ei separat vevteneste med eit innhald som er sentrert rundt ei sjekklister. Innhaldet er angitt i menyen

- Starthjelp
- Spørsmål
- Svar
- Fakta
- Om Starthjelp

**STARHJELP**  
for småskala matprodusentar

STARHJELP | Spørsmål | Svar | Fakta | Om STARHJELP

STARHJELP
Spørsmål
Svar
Fakta
Om STARHJELP

#### Velkommen til STARHJELP

STARHJELP for småskala matprodusentar er eit verktøy for deg som planlegg å starte ei småskala matbedrift, eller for deg som nylig har etablert ei slik verksemd. Målet er at du skal få hjelp til å tenke igjennom din eigen idé og bli klar over viktige vilkår for å lykkast. STARHJELP vil vere eit nyttig hjelpemiddel i tillegg til – ikkje i staden for – den personlege rettleinga du kan få hos det offentlege rettleiingsapparatet.

Fyll ut nytt spørreskjema      Hent tidlegare utfylt spørreskjema

Du kan krysse av fleire svaralternativ på mange av spørsmåla i STARHJELP. Det gjeld dei svaralternativa som har firkanta avkryssingsboksar.

Her får du [meir informasjon om STARHJELP](#).

STARHJELP er utvikla av Vestlandsforskning i samarbeid med RKIT Consulting AS

Tema som er med i Starthjelp er lista opp under menypunktet ”Fakta”. Dei er

- Marknadsføring
- Økonomi knytt til oppstart
- Økonomi knytt til drift
- Organisasjonsform
- Forretningsplan
- Kvalitet og verdi
- Kvalitetssikring og rygg mat
- Produksjonsteknikk
- Regelverk
- Kalkulering av pris

Ved å velja ”Starthjelp” eller ”Spørsmål” kjem ein inn på spørreskjemaet

**STARTHJELP**  
for småskala matprodusentar

STARTHJELP | Spørsmål | Svar | Fakta | Om STARTHJELP

**Spørsmål - FRÅ TANKE TIL FORRETNINGSIDÉ**

1 2 3 4 5 6 7 8 9 10 11 12 13 14 15 16 17 18 19 20 21 22 >

**1. Motivasjon**

Ikkje alle har dei same grunnane til å sette i gang med ei bedriftsetablering, og engasjementet kan variere frå person til person. Det er viktig at du har klart for deg sjølv kvifor du ønskjer å starte som småskala matprodusent, og kor mykje du er villig til å forsake for å få det til.

**Kva er bakgrunnen for at du ønskjer å starte som småskala matprodusent?**

- Ønskjer høgare fortjeneste
- Ser ein marknad for produkta
- For å kunne drive vidare på gardsbruket
- Er interessert i produktutvikling og nyskaping
- Vil ha hand om større del av produksjonsprosessen "frå jord til bord"
- Ønskjer kontakt med forbrukarane

**Engasjement og motivasjon (kryss av dei utsegnene som passar)**

- Eg har pågangsmot og brenn for ideen
- Eg får støtte for ideen frå mine næraste
- Eg er innstilt på å bruke mykje tid på etableringa

Neste

Det er 22 felt å gå gjennom. Alle må ikkje fyllast ut samtidig. Viss det ikkje tek for lang tid til neste gong, vil programmet "hugse" det som er blitt fylt ut og hente det inn att til fortsetjinga. Ved å velja "Neste" på siste side

**STARTHJELP**  
for småskala matprodusentar

STARTHJELP | Spørsmål | Svar | Fakta | Om STARTHJELP

**Spørsmål - ØKONOMI**

1 2 3 4 5 6 7 8 9 10 11 12 13 14 15 16 17 18 19 20 21 22 <

**22. Prissetting**

Det er gjennom prissettinga du skapar det økonomiske grunnlaget for produksjonen din. Det er difor viktig at du vel prisen på bakgrunn av kor store kostnader du har, korleis liknande produkt er prisa i marknaden, og korleis konkuransesituasjonen din er.

**Veit du kor mykje du skal ta betalt for kvar eining, og eventuelt korleis dette varierer i dei ulike salskanalane?**

- Ja
- Nei

Forrige Neste

STARTHJELP er utvikla av Vestlandsforskning i samarbeid med RKIT Consulting AS

blir det generert eit svar som er avhengig av kva som er svart. Svaret gir råd om kva den som ha fylt ut skjemaet bør oppdatere seg på.

STARTHJELP  
 for småskala matprodusentar

[STARTHJELP](#) | [Spørsmål](#) | [Svar](#) | [Fakta](#) | [Om STARTHJELP](#)

<b>STARTHJELP</b>	<b>Svar frå STARTHJELP</b>
<b>Spørsmål</b>	
<b>Svar</b>	
<b>Fakta</b>	
<b>Om STARTHJELP</b>	

Under finn du ei liste med råd og vink frå STARTHJELP basert på dei svara du nettopp har gitt. Kommentaranne blir presentert saman med ein repetisjon av det aktuelle spørsmålet og svaret du har gitt. Denne lista bør du skrive ut og ta vare på. [Skriv ut](#)

---

**FRÅ TANKE TIL FORRETNINGSIDÉ:**

**1.1.Kva er bakgrunnen for at du ønskjer å starte som småskala matprodusent?**  
**Du har svart:**

- Ønskjer høgare forteneste
- Er interessert i produktutvikling og nyskaping

**Kommentar:**

- Det ser ut til å ha brei motivasjon for å starte som småskala matprodusent. Dette er ein fordel for deg som etablerar.

---

**2.Kva ressursar rår du over som kan hjelpe deg å skape eit unikt produkt?**  
*Du svarte ikkje på spørsmålet*

Svarsida gir lenker til Faktaark om dei aktuelle tema. Desse kan også nåast via menyen

STARTHJELP  
 for småskala matprodusentar

[STARTHJELP](#) | [Spørsmål](#) | [Svar](#) | [Fakta](#) | [Om STARTHJELP](#)

<b>STARTHJELP</b>	<b>FAKTA</b>
<b>Spørsmål</b>	
<b>Svar</b>	
<b>Fakta</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>Mærknadsføring</li> <li>Økonomi knytt til oppstart</li> <li>Økonomi knytt til drift</li> <li>Organisasjonsform</li> <li>Forretningsplan</li> <li>Kvalitet og verdi</li> <li>Kvalitetssikring og trygg mat</li> <li>Produksjonsteknikk</li> <li>Regelverk</li> <li>Kalkulering av pris</li> </ul>	<div style="border: 1px solid #ccc; padding: 5px; margin-top: 10px;"> <p style="text-align: center; font-weight: bold; margin: 0;">1</p> <p>I menyen til venstre finn du sider med fakta om ulike tema. Desse er meinte som ein introduksjon til kunnskapen, og du vil finne lenkjer til andre og meir utfyllande nettstadar på slutten i sidene.</p> </div>
<b>Om STARTHJELP</b>	

STARTHJELP er utvikla av Vestlandsforskning i samarbeid med RKIT Consulting AS

## 4. fjordatorget.no

fjordatorget.no er ein portal for gardsmatverksemdene i Sogn og Fjordane basert å torgmetaforen. Det er delvis eit utsnitt av norskgardsmat.no. Det er ei avgrensing av innhaldet i norskgardsmat.no til presentasjonen av verksemdene i Sogn og Fjordane. Den inneheld informasjon som presenterer regionen som turistdestinasjon og matprodusent, med vekt på natur, klimatiske forhold, kultur og regionale spesialitetar.

Dei fleste produsentane sel storparten av produksjonen sin lokalt. Ein stadig viktigare marknadskanal vil sannsynlegvis vera torgdagar og marknader. Portalen vil kunne vera ein plass for felles informasjon om torgdagar i regionen og den vil derfor også gjera det lettare for kundane å legge inn bestilling på varer som kan hentast og betalast på det fysiske torget.



**FJORDATORGET**

[Om Fjordatorget](#) | [Kontakt](#) | [Lenker](#) | [Starthjelp](#)

**fjordatorget.no**

- Sogn og Fjordane
- Salg
- Servering
- Aktivitet
- Overnatting

**No er bøndene attende i byen med varene sine!**

**Bondens marked**  Ei helg i kvar måned treffest bønder frå Sogn og Fjordane og Hordaland på Vågsalmenningen i Bergen, og har med seg eit rikt utval av velsmakande og heimeprodusert mat.

Berre høyr her: Ost frå ku eller geit, kjøt i stykkje eller som pålegg frå mange slag dyr, lefser, flatbrød, gombe, røykjelaks og gravlaks, urter og honning ..... Her kan ramsast opp lenge.

**Torgsalet**  
er i år flytta frå Lagunen til Vågsalmenningen. I tillegg skal det frå no av vere faste torgdagar ein gong pr. måned. Som kunde vil du difor med faste mellomrom kunne finne varene du ynskjer på bondens marked. Mellom 20 og 30 bønder vil by fram varene sine kvar gong. Datoar for marknadene er:

- 23. og 24. april
- 7. og 8. mai
- 25. og 26. juni
- 23. og 24. juli
- 27. og 28. august
- 9., 10. og 11. september (bønder i byen),
- 29. og 30. oktober
- 26. og 27. november
- 17. og 18. desember

Fleire opplysningar kan de få ved å vende dykk til:  
Styreleiar Odd Ohnstad, Bondens Marked Bergen  
Marud Kalstad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

All informasjon om verksemdene som blir presentert i portalen og som ligg under menypunkta "Salg", "Servering" og "Overnatting" blir henta frå norskgardsmat.no og skal derfor oppdaterast på denne vevtenesta. Deltakarane slepp derfor å tenkje på at dei må legge inn informasjon om verksemda si fleire stader.

fjordatorget.no er basert på ein mal som utan vidare kan takast i bruk av andre regionar som grunnlag for ein tilsvarande portal.

## 5. Individuelle vevtenester

Gardsmatprodukt er spesialitetar og dei må derfor kunne presenterast på ein måte som viser fram dette. Ein skjematisk presentasjon som den norskgardsmat.no eller liknande løysingar kan tilby, tilfredstiller ikkje dette kravet. Den blir for uniform. Mange verksemdar har teke omsyn til dette og lagar derfor sine eigne vevtenester der dei på ein meir fullstendig måte viser fram tilbodet sitt.



### Holo Gardstun

- Om
- Utsal
- Servering
- Aktivitetar
- Lokalisering

Holo er ein høgdegard i Flåmsdalen. Den ligg ca 450 m o h. med ein bratt men god gardsveg heilt fram. Frå Holo har me flott utsikt over Flåmsdalen og Rjoandefossen.



Garden er omtala i skattelister frå 1500-talet, men har truleg vore i drift allereie før Svartedauden. Garden har opp gjennom tidene vore delt i to eller tre bruk. I 1980 vart dei tre bruka slegne saman til ei driftseining. Gjennom tidene har det vore ei allsidig jordbruksdrift med husdyr og åkerbruk. Fram til 1970 var det både kyr, sau, geit og hest på garden. Utmarka og fjellstølane var på den tida ein viktig ressurs i gardsdrifta.

---

Frå Holo er det ein heller stor buvingsmasse. I tust ligg det 11

---

Dette prosjektet har utvikla ein enkel mal. Den skal gjera det enklare for verksemdene å kunne laga si eiga fullverdige vevteneste og utan store kostnader. Vevtenesta vil kunne liggja kvar som helst og ha den adressa (domenenamnet) verksemda har. Den som tek malen i bruk bestemmer sjølv grafisk utforming.

All informasjon, tekst og bilde, som skal visast fram i vevtenesta blir lagt inn i norskgardsmat.no via redigeringskjemaet med "Tillegg", og skal oppdaterast i det same skjemaet. Når ein brukar slår opp ei side i vevtenesta blir informasjonen henta frå norskgardsmat.no. Innhaldet i vevtenesta er såleis basert på innhaldet i skjemaet. Det er derfor ein standardmeny for vevtenesta. Den er

- Om (verksemda)
- Sal
  - Produkt
- Servering
- Overnatting
- Aktivitetar
- Lokalisering

Menyen er ”dynamisk” generert. Berre menypunkta det finst informasjon på vil vise i vevtenesta.

Startsida viser ingressane som er lagt direkte inn i skjemaet og bilde som også blir vist i norskgardsmat.no presentasjonen av verksemda. Dei andre sidene viser ingressen, tilleggsteksten og bilde som blir lagt inn saman med tilleggsteksten. ”Lokalisering” viser til eit lokalt kart med lokaliseringa av verksemda lagt inn som eit raudt punkt.

## 6. Vidareføring

Alle komponentane

- norskgardsmat.no (<http://mat.vestforsk.no>)
- starthjelp (<http://starthjelp.vestforsk.no>)
- fjordatorget.no (<http://www.torgplassen.no>)
- Individuelle vevtenester (eksempel: <http://www.haukadal.no> og <http://www.eicvest.no/holo>)

er utforma for Norsk Gardsmat. Dei dekker derfor ikkje alle fullt ut behovet til Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Men dei er bygde på eit fleksibelt rammeverk og alle utanom Starthjelp kan snøgt utvidast til å dekke behovet for den nye organisasjonen.

norskgardsmat.no kan tene som ei vevteneste for heile organisasjonen. Ein treng berre overføre informasjonen i nbt-net.no til databasen til norskgardsmat.no og vil dermed automatisk få ein presentasjon av alle medlemmene i den nye organisasjonen. Det vil likevel vera naturleg å utvida den med felt som vil gjera det muleg å leggje inn tilleggsinformasjon for overnattings-verksemder og som dermed kan brukast til å lage individuelle vevtenester.

Starthjelp slik den er utforma skal dekke behovet til matprodusentar. Den inneheld derfor mange spørsmål som ikkje er aktuelle for verksemder som ikkje driv matproduksjon. På den andre sida manglar det spørsmål og informasjon om tema som det er viktig for verksemder som driv med servering eller overnatting å avklara. Løysinga på dette problemet vil vera å lage tre skjema som ein kan velja mellom i starten, eit for dei som ønskjer å starte som matprodusentar, eit for dei som ønskjer å starte med servering og eit for dei som ønskjer å starte med overnattingsverksemd. De finst ein kjerne i det noverande Starthjelp som er aktuell for alle desse gruppene og som derfor kan gjenbrukast i skjemaet og faktaarka for serverings- og overnattingsbedrifter.

Den regionale portalen kan eventuelt utvidast med nokre menypunkt og informasjonssider for å framstå som ein full turistportal sentrert om tilboda frå medlemmene i Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Når informasjonen frå nbt-nett.no er overført til den nye vevtenesta vil den automatisk gi informasjon om alle NBG-medlemmene i fylket.

Malen for individuelle vevtenester vil måtte utvidast med menypunkt og visningssider for å kunne vera brukbar som grunnlag for overnattingsverksemder.